



Fornøgte med salet: Tormod Myklebust og Gunnar Kjærland

**Innsamlinga til eit fond for byggjing av ei handicap-rampe ved bedehuset har fått ein god start i dag. Då halve tida var unnagjort av den 4 timar lange loppemarknaden til inntekt for dette gode føremålet var det 4000 kroner i kassa, fortel leiar av indremisjonen i bygda, Jon Harald Kjærland til uskedalen.no
Sluttsummen vart 5578 kroner.
Også han som selde gjenstandane i samband med flyttinga si, Gunnar Kjærland, var svært godt fornøgd.**

-Dette var over all forventning, sa begge medan salet gjekk unna i regi av styret for indremisjonen.

Så var då også prisane svært gunstige.

Til dømes gjekk ei gruppe med bord og 6 stolar for 500 kroner, ein sykkel for 25 , ein kommode for 100 , eit nattbord for 100, ei dobbeltseng for 100 og eit keramikkfat for 50 kroner. Mange dukar var selde for 10-20 kroner og nips-prisen var heilt nede i 5.

Korleis handicap-rampa skal byggjast reint teknisk er ikke drøfta førebels, men det blir truleg eit skråplan langs berget. Det er heller ikkje klart kor mykje rampa kjem til å kosta.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Leiar av indremisjonen Jon Harald Kjærland plukkar frå kvarandre ei seng som er seld



Det var godt og jamnt besøk i bedehuskjellaren